



## KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 29. september 2015 kl. 09.00 – 11.50  
Stad: Rådhuset  
Tilstade: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Anna K. Valle, Unni Andersen Sæbø, Rolf Henning Hegland og Kåre Østrem (vara for Odd Leif Mjøs)  
Forfall: Odd Leif Mjøs (nestleiar)  
Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun, assisterande rådmann Hogne Haugsdal og økonomisjef Janne Sund  
Frå revisjonen:  
Sekretær: Tonje Husum Aarland

---

### 32/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### 33/15 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteutskrift frå møte 01.06.15.

### 34/15 Skriv og meldingar

- Tilsyn med barnevernstenesta i Lindås kommune 2015 – Fylkesmannen

Rådmannen Ørjan Raknes Forthun orienterte kommunen sin oppfølging av fylkesmannen sitt tilsyn med barnevernstenesta og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til orientering og takka for orienteringa frå rådmannen.

### 35/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta

Sakstilfang: Forvaltningsrevisjonsrapport «Barneverntenesta» (desember 2013) og Orientering om oppfølging av forvaltningsrevisjon barnevernstenesta i Lindås kommune (vedlagt møteprotokollen)

Rådmann Ørjan Raknes Forthun gjennomgikk kommunen sin oppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.



**Samråystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for god gjennomgang og tok orienteringa til etterretning.

**36/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon av prosjektet «ny brannstasjon»**

Sakstilfang: Forvaltningsrevisjonsrapport «Ny brannstasjon» (august 2014) og Oppfølging av forvaltningsrevisjon ny brannstasjon (vedlagt møteprotokollen)

Assisterande rådmann Hogne Haugsdal og rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om oppfølginga av forvaltningsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

**Samråystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for god gjennomgang og tok orienteringa til etterretning.

**37/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon av refusjonar og tilskott**

Sakstilfang: Forvaltningsrapport «Refusjonar og tilskott» (april 2015)

Økonomisjef Janne Sund orienterte om oppfølging av forvaltningsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

**Samråystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

**38/15 Oppsummering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden**

Sakstilfang: Utkast til oppsummering.

Utkast til oppsummering vart gjennomgått i møtet.

**Samråystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjente oppsummeringa av perioden slik den ligg føre.

**39/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samråystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

**40/15 Eventuelt**

Økonomisjef Janne Sund orienterte om kommunen sin økonomiske status.



Dette er kontrollutvalet sitt siste møte i perioden. Kontrollutvalet takkar for samarbeidet og ønskjer nytt kontrollutval lukke til.

Knarvik 29.09.2015

*Øystein Reidar Moldekleiv*  
Øystein Reidar Moldekleiv, leiar

*Tonje Husum Aarland*  
Tonje Husum Aarland, sekretær





Rådmannen

Referanser:

Dykker:

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

24.09.2015

## Orientering om oppfølging – Forvaltningsrevisjon Barneverntenesta Lindås kommune

I samsvar med vedtak i kommunestyret 06.02.14, der kommunestyret ba rådmannen om å gje ein statusrapport til kommunestyret innan juni 2014, vart det i kommunestyremøte 12.06.14 orientert om denne saka. Kommunestyret tok statusrapporten til orientering.

I orienteringa vart det vist til at barnevernet har gått gjennom rutinane sine og skriftleggjort det som mangla. Kommunalsjef har i ettertid gått gjennom momenta frå Deloitte saman med leiar for barneverntenesta, og ein har justert nokre opplysningar knytt til tilrådingane i forvaltningsrapporten. Sjå punkta under. Det er vidare planlagt å etablere eit prosjekt knytt til barnevernet haust 2015.

Følgjande tilrådingar frå forvaltningsrapporten er gått gjennom:

1)

***Utviklar eit system for å hente inn erfaringar frå barn og foreldre i samsvar med forskrift for internkontroll for barneverntenesta, § 4e.***

Barnevernenesta er i ferd med å utarbeide nye rutinar for å systematisere henvendelser frå brukarane. (skriftlege og munnlege klager, samt kommentarar i samband med evalueringar. For tida ligg det føre systematisert tilbakemelding i samband med Cirkle of Security deltakarane.

Det er ønskjeleg med ein brukarundersøking. Sist vi gjennomførte brukarundersøking viste det seg at dette var svært ressurskrevjande og ein finn for tida at ein ikkje har kapasitet til planlegging og gjennomføring av dette.

Evalueringresultata frå deltakarane på Cos P kurs er høge og alle deltakarene svarar 5 eller 6. (6 er høgast)



**2)**

**Gir jamleg informasjon til skolar, barnehagar og andre relevante samarbeidspartar om til dømes barnevernet si rolle, samarbeid med barneverntenesta og om å melde til barnevernet.**

Barneverntenesta har gjennomført og tilbyr informasjon og rådgjeving til relevante samarbeidspartar i kommunen. Barnevernet tilbyr også meldekurs gjennom intern kursbase.

**3)**

**Sikrar at barneverntenesta gir tilbakemelding til offentlege og private meldarar etter motteke melding, og til offentlege meldarar etter gjennomført undersøking, i samsvar med bvl. § 6-7a.**

Barneverntenesta har rutinar for dette. For å sikre at rutinane vert etterlevd vil fagleiarane føre jamlege kontrollar med at rutinane vert følgd.

**4)**

**Sikrar at barneverntenesta formidlar naudsynt informasjon om iverksette tiltak til meldarar, jf bvl § 6-7a 4. ledd.**

Fagleiarane har ansvar for å føre kontroll med dette.

**5)**

**Vurdere om barneverntenesta si rutine for å vurdere om andre samarbeidspartar enn meldar bør få informasjon om iverksette tiltak, er tilstrekkeleg.**

Gjeldande rutine er tilstrekkeleg og tenesta gjev alle offentlege meldarar den informasjon som er naudsynt for at dei kan ivareta barna på ein god måte. Naudsynt orientering til andre samarbeidspartar vert gjeve i samarbeid med foreldre.

**6)**

**Sikrar at barneverntenesta sine undersøkingar blir gjennomført innan lovpålagt tidfrist, jf. Barnevernlova § 6-9, 1. ledd.**

Fagleiar fører kontroll med framdrift i undersøkingane. Barneverntenesta må melda frå til Fylkesmannen dersom ein ikkje av ulike grunner klarer å halda fristar.

**7)**

**Følgjer eigne rutinar om å skriftleggjere barneverntenesta sin konklusjon frå sluttførte undersøkingar, og formidlar denne informasjonen til partane i saka.**

Fagleiar fører kontroll.

**8)**

**Sikrar at alle barn som mottar hjelpetiltak, har tiltaksplan, jf. Bvl / 4-5.**

Fagleiar og barnevernleiar fører kontroll og rapporterer til fylkesmannen.

**9)**

**Sikrar at rapportering til Fylkesmannen og Kostra om tiltaksplanar og omsorgsplanar er korrekt.**

Rett rapportering er viktig. Dette krev at saksbehandlar registerer rett og at kontroll vert utført av fagleiar, einingsleiar og merkantilt personell. Ved misforhold mellom faktisk situasjon og maskinell teljing vert programleverandør kontakta.

**10)**

**Vurderer å utarbeide ei rutine for å hente inn skriftleg samtykke frå partane i saka i samband med tildeling av hjelpetiltak, jf. tilråding i departementet sin rutinehåndbok.**

Det blir fatta vedtak i alle hjelpetiltak der foreldre der foreldre er samde i tiltaket.

Ingen får hjelpetiltak utan å samtykke. I de fleste tilfelle føreligg det skriftlig samtykke til hjelpetiltaka. Ein samtykker og ved ikkje å nytte seg av klageadgang.

Ny lovendring utan iverksetjingsdato: Fylkesnemnda kan pålegge foreldre å ta imot hjelpetiltak.

**11)**

**Sikrar at det alltid blir gjennomført evaluering av tiltaksplaner etter barnevernloven § 4-5.**

Dette er på plass og ligg i rutinane. Dataprogrammet er no ei påminning.

**12)**

**Vurdere å innføre eit felles system for evaluering av rettleiingstilbodet til fosterforeldre.**

Dette har det vore arbeidd med, og er no på plass.

**13)**

**Sikrar at godkjenning av fosterheimar blir dokumentert.**

Alle fosterheimar blir godkjent og vedtak om dette ligg føre.

**14)**

**Sikrar at det blir inngått fosterheimsavtale med alle fosterheimar og at fosterheimsavtalen blir gjennomgått årlig, i samsvar med forskrift om fosterheim §6.**

Det er laga ei ny rutine for dette og gjennomgang skal utførast kvart år i november.

**15)**

**Vurderer å innføre eit system for rettleiingstilbodet til fosterforeldre.**

Barneverntenesta har jamleg kontakt med fosterforeldra og rettleiing er då også eit tema.

**16)**

**Gjennomfører besøk i fosterheimane i samsvar med forskrift om fosterheim §7.**

Besøk i fosterheimane vert utført og registrert/dokumentert i fagprogrammet og vert rapportert til fylkesmannen 2 gongar pr. år.

**17)**

**Sikrar at det blir fatta enkeltvedtak i samband med eventuell reduksjon i talet på fosterheimsbesøk i samsvar med forskrift om fosterheim §7.**

Det er innført ei rutine og vedtaksmål for dette.

**18)**

**Sikrar at fosterforeldre har informasjon om at barnet har omsorgsplan og innhaldet i denne, og at det blir henta inn synspunkt frå fosterforeldre i samband med utarbeiding/endring av omsorgsplan.**

Dette gjeld berre plasseringar med heimel i § 4-12. Det vil verta lagt inn i planen ved gjennomgang av fosterheimsavtalen.

**19)**

**Sikrar at fosterbarn barneverntenesta har tilsynsansvar for får tilsyn i samsvar med forskrift om fosterheim §8.**

Fagleiar fører kvartalsvis kontroll og aktuelle tilsynsførare vert kontakta.

**20)**

**Sikrar at alle fosterforeldre får naudsynt informasjon om opplæringstilbod.**

Bufetat sender informasjon om opplæringstilbod til fosterforeldra. Dersom barneverntenesta meiner fosterforeldre har behov for opplæring innanfor særskilte tema, vert dei kontakta direkte.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/15	Kommunestyret	PS	19.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/6394

## Oppfølging av forvaltningsrevisjon ny brannstasjon

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar til orientering oppfølgingsplan for forvaltningsrevisjon ny brannstasjon.

### Kommunestyret - 019/15

#### KO - behandling:

Ass.rådmann, Hogne Haugsdal, orienterte i starten av saka.  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### KO - vedtak:

Kommunestyret tar til orientering oppfølgingsplan for forvaltningsrevisjon ny brannstasjon.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn:

Våren 2014 gjennomførte Kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjon av prosessen med ny brannstasjon. Revisjonen kom med følgjande tilråingar:

1. Etablere rutinar som sikrar at saker blir forsvarleg utgreia, oversiktleg og fullstendig presentert for politiske organ.
2. Etablere eit heilskapleg prosjektstyringssystem med oppdaterte rutinar for kommunale bygg- og anleggsprosjekt som omfattar mellom anna følgjande element.

- Styringsprinsipp som skal nyttast i prosjekt
- Rutinar for planlegging og koordinering av prosjekt frå start til slutt
- Rutine for gjennomføring av risikokartlegging og –vurdering i samband med



- kommunale investeringsprosjekt, som sikrar at det vert sett i verk risikoreduserande tiltak i rett tid*
- *Rutinar for oppretting av prosjektorganisasjon med klare rolle- og ansvarsforhold*
  - *System og rutinar for avvikshandsaming som kan sikre at problem i prosjektgjennomføringa blir identifisert så tidleg som mogleg*
  - *Rutinar for rapportering og kommunikasjon på alle nivå i prosjektarbeidet, både internt i prosjektorganisasjonen og frå prosjektorganisasjonen til overordna nivå i kommunen (ved rådmann og politisk nivå)*
  - *Rutinar for innkjøp i investeringsprosjekt*
  - *Rutine for kvalitetssikring av prosjektplanar og gjennomføring*
  - *Rutinar for avslutning av prosjekt, og intern evaluering og erfaringsoverføring*

3. *Sikre at alle prosjektleiarar og andre som har ansvar for og/eller utfører oppgåver knytt til investeringsprosjekt i kommunen får opplæring i bruken av prosjektstyringssystemet.*
3. *Vurdere å etablere rutinar for økonomistyring i investeringsprosjekt.*
5. *Avklare rolla til politiske representantar og brukarar i kommunale investeringsprosjekt.*
6. *Etablere rutinar for å sikre at all relevant dokumentasjon frå investeringsprosjekt blir systematisk kategorisert og arkivert.*

Kontrollutvalet handsama saka 2. september 2014, og kommunestyret gjorde følgjande vedtak 18. september (Sak 68/14)

1. *Kommunestyret ser svært alvorleg på manglende og til dels feil informasjon til folkevalde organ i saka om ny brannstasjon. Revisjonen har dokumentert den manglende prosjektstyringa som er i Lindås kommune, noko kommunestyret synes er kritikkverdig og alvorleg.*
2. *Kommunestyret ser det som viktig at rådmann prioriterer å få etablert rutinar og styringssystem som sikrar at framtidige investeringsprosjekt får ei god planlegging og gjennomføring.*
3. *Kommunestyret meiner at prosessen med å etablere ein ny brannstasjon var prega av hastverk, mangefull informasjon, motstridane opplysningar og manglende dokumentasjon knytt til sentrale avgjærder. Desse manglane i prosessen har etter Kommunestyret si vurdering ført til at etableringa av ny brannstasjon ikkje blei gjennomført i samsvar med krav til god prosjektstyring, eller i samsvar med krava i kommunelova knytt til forsvarleg saksutgreiing og vedtaksoppfølging, eller retningslinjer for god internkontroll.*
4. *Kommunestyret bed difor rådmann om å leggja fram dokumentasjon på at brann- og redningsberedskap er tilfredsstillande ivareteke med plassering av brannstasjon på Ikenberget.*
5. *Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak og bed rådmannen gjennomføre desse.*

For punkt 4 og 5: Kommunestyret bed rådmannen legge fram dokumentasjon og tiltak i kommunestyremøte i februar 2015.

#### **Vurdering:**

**1) Kommunestyret bed rådmannen legge fram dokumentasjon på at brann- og redningsberedskapen er tilfredsstillande ivareteke med plassering av brannstasjon på Ikenberget.**

Brannsjefen har gjennomført ei risikokartlegging med utgangspunkt i plassering av brannstasjon på Ikenberget og innsatstid til definerte risikoobjekt jmf.



dimensjoneringsforskrifta § 4-8 innsatstid. Kartlegginga viser at beredskapen i kommunane Lindås og Meland er ivareteke og innanfor lovpålagte krav.

**2) Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak og bed rådmannen gjennomføre desse. Gjennomgang av forslag til tiltak i februar 2015.** Forvalningsrevisjonen for prosessen med ny brannstasjon viste at Lindås kommune har mangla system og rutinar for prosjektstyring, risikovurdering og internkontroll. Det har også vore uklare ansvarsforhold mellom politikk og administrasjon i store investeringsprosjekt. I samband med utviklingsprogrammet Lindås 2019 har rådmannen sett verk fleire prosessar som skal profesjonalisere og utvikle system- og kvalitetsarbeidet i kommunen. Det blir mellom anna jobba med å etablere eit overordna styrings- og kvalitetssystem, som skal sikre dei ulike fagområda utfører oppgåver med den kvalitet som ligg i krav frå styresmakter, vedtak, standardar og prosedyrar. I tillegg vil det bli bygd opp eit system som sikrar god internkontroll. Det vil også bli innført eit elektronisk verktøy, KF Kvalitet, som skal systematisere og samle all dokumentasjon på ein stad.

I løpet av hausten 2014 blei det utvikla eit system for prosjektstyring i Lindås kommune. Retningsliner for investeringsprosjekt og prosjektstyring blei vedtatt i kommunestyret 11.12.14 (Sak 127/14). Føremålet med retningslinene er:

- Klargjere roller og ansvar i investeringsprosjekta
- Sikre gode prosessar og kvalitet på budsjettering og avgjerdsgrunnlag
- Sikre god rapportering om status i prosjekta
- Sikre at avvik vert rapportert og handsama så tidleg som mogleg til politisk nivå
- Setje tydelege kvalitetsskrav til gjennomføringa av prosjekta
- Sikre tilstrekkelege ressursar til prosjektadministrasjon.

Mange av utfordringane som er dokumentert i forvalningsrevisjonen, vil kunne løysast gjennom det nye prosjektstyringssystemet.

#### **Oppfølgingsplan av tilråingar i forvalningsrevisjon for prosess med ny brannstasjon**

<b>Revisjonen tilrår:</b>	<b>Oppfølging</b>	<b>Tidsplan</b>
1. Etablere rutinar som sikrar at saker blir forsvarleg utgreia, oversiktleg og fullstendig presentert for politiske organ.	Det er etablert ein rutine om at alle saker som skal til politisk handsaming, skal innom rådmannen for vurdering og kvalitetssikring. I tillegg vil rådmannen utarbeide rutinar for god sakshandsaming og vurdere eit opplæringsopplegg for nye sakshandsamarar.	Vår 2015
2. Etablere eit heilskapleg prosjektstyringssystem med oppdaterte rutinar for kommunale bygg- og anleggsprosjekt som omfattar mellom anna følgjande element. <ul style="list-style-type: none"><li>• Styringsprinsipp som skal nyttast i prosjekt</li><li>• Rutinar for planlegging og koordinering av prosjekt frå start til slutt</li><li>• Rutine for gjennomføring av risikokartlegging og -vurdering i samband med kommunale</li></ul>	Prosjektstyringssystemet og retningslinene som blei vedtatt i kommunestyret 11.12.14 skal dekke dei fleste av desse punkta.  Vi har eit system for å handtere avvik gjennom prosjektorganisasjonen, men må jobbe vidare med eit system som kan avdekke avvik. System for E-handel og eit konkret	2015



<p>investeringsprosjekt, som sikrar at det vert sett i verk risikoreduserande tiltak i rett tid</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>· Rutinar for oppretting av prosjektorganisasjon med klare rolle- og ansvarsforhold</li> <li>· System og rutinar for avvikshandsaming som kan sikre at problem i prosjektgjennomføringa blir identifisert så tidleg som mogleg</li> <li>· Rutinar for rapportering og kommunikasjon på alle nivå i prosjektarbeidet, både internt i prosjektorganisasjonen og frå prosjektorganisasjonen til overordna nivå i kommunen (ved rådmann og politisk nivå)</li> <li>· Rutinar for innkjøp i investeringsprosjekt</li> <li>· Rutine for kvalitetssikring av prosjektplanar og gjennomføring</li> <li>· Rutinar for avslutning av prosjekt, og intern evaluering og erfaringsoverføring</li> </ul>	<p>prosjektstyringsverktøy vil kunne avdekke avvik.</p> <p>Rutinar for innkjøp i investeringsprosjekt vil bli utarbeida i ein anskaffingsstrategi. Anskaffingsstrategien er ein del av internkontrollen til kommunen.</p> <p>Det blir jobba med å få på plass eit konkret prosjektstyringsverktøy for større investeringsprosjekt. Dette vil kunne sikre økonomistyring i kvar enkelt prosjekt.</p>	
<p>3. Sikre at alle prosjektleiarar og andre som har ansvar for og/eller utfører oppgåver knytt til investeringsprosjekt i kommunen får opplæring i bruken av prosjektstyringssystemet.</p>	<p>Det er etablert ein «Prosjektskule» som alle prosjektleiarar og sentrale fagpersonar skal gjennomføre. Det har allereie vore fleire samlingar med opplæring i prosjekteiling og prosjektstyring. Det blir lagt opp til fleire samlingar i løpet av året for å auke kompetansen på styring og gjennomføring av prosjekt.</p>	2015/ 2016
<p>4. Vurdere å etablere rutinar for økonomistyring i investeringsprosjekt</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kvart investeringsprosjekt har eit eige prosjektnr i rekneskapen.</li> <li>- Det nye systemet med E-handel vil også gi betre oversikt over kva som blir bestilt i dei ulike prosjekta.</li> <li>- Eigedomssjefen har faste møte kvar 14. dag med prosjektleiarar for å gjennomgå alle investeringsprosjekt.</li> <li>- Eit konkret prosjektstyringsverktøy vil også bidra til å styrke økonomistyringa i investeringsprosjekta.</li> </ul>	2015
<p>5. Avklare rolla til politiske representantar og brukarar i kommunale investeringsprosjekt.</p>	<p>Rolleavklaringa og ansvar kjem tydeleg fram i retningslinene for prosjektstyring i Lindås kommune, vedtatt i desember</p>	



	2014	
7. Etablere rutinar for å sikre at all relevant dokumentasjon frå investeringsprosjekt blir systematisk kategorisert og arkivert.	All dokumentasjon skal som hovudregel kategoriserast og arkiverast i websak/Acos. Det vil bli utarbeida rutinar som sikrar at dette blir gjennomført.	April 2015

